



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	30.04.2019
Tid:	13:30 – 17:20

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Svein Gjelseth	MEDL	AP
----------------	------	----

Varamedlemer som møtte:

Jens Terje Johnsen	Svein Gjelseth	AP
--------------------	----------------	----

Andre:

Rådmanne Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Bustadkonsulent Ida Myklebust
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Utviklingsleiar Ole Magne Rotevatn
Kyrkjevevjerje Marit Leinebø
Planleggar Tanja Rafteseth
Ass.rådmann/kommunalsjef samfunnsutvikling Andreas Chr. Nørve

Camilla Storøy stilte spørsmål om når Skarabakken blir ferdigstilt. Ferdigstilling er satt til 1. juli.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy stilte spørsmål om sanksjonar når det gjeld bilvrak og rydding rundt tomt i Fosnavåg sentrum.

Ass.rådmann/kommunalsjef samfunnsutvikling Andreas Chr. Nørve svarte.

Kjell Runde stilte spørsmål om når det vart lys i gatelysa.
Ass.rådmann/kommunalsjef Andreas Chr. Nørve svarte.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Solveig Helen Båtsvik og Jens Terje Johnsen

Skriv delt ut i møte:

U.off. §13 – F-sak 61/19. Avhending av kommunal bustad til eksisterande leigetakar.
Brev datert 23.04.19. Svar til Søre Sunnmøre Fiskarlag om Sandebukta fiskerihamn.

Drøftingar:

Alternativ lokalisering av ny bueining.

Orienteringar:

Arnulf Goksøyr orienterte frå Generalforsamlinga i Tussa AS.

Solveig Helen Båtsvik

Arnulf Goksøyr

Jens Terje Johnsen

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 57/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 58/19	Protokoll frå førre møte
PS 59/19	Delegerte saker
PS 60/19	Referatsaker
PS 61/19	U.off. §13 - Avhending av kommunal bustad
PS 62/19	Borgarleg vigsel - vigslar.
PS 63/19	Slutthandsaming: Detaljreguleringsplan for Fv20, Nerlandsøy bru
PS 64/19	Gravplassanalyse for Bergsøya og Leinøya
PS 65/19	Søknad om oppstart av privat reguleringsplanarbeid, Tjørnvåg fritidsbustadar gnr. 54/90.
PS 66/19	Klage på vedtak. Detaljreguleringsplan for Nedre Sørليا, planID 201801.
PS 67/19	Godkjenning av låneopptak i Husbanken - startlån 2019

- PS 68/19 Søknad om ekstra tilskot til drift av Senter mot Incest og seksuelle overgrep Møre og Romsdal.
- PS 69/19 Prosjektet felles Helseplattform
- PS 70/19 Økonomisk avslutning av prosjekt 70046 - Trafikktryggingstiltak sentrum 2018 med 50/50 stønad

Referatsaker

- RS 17/19 Kommune- og regionsreforma og miljøinformasjonslova.
- RS 18/19 Årsmelding og rekneskap for Søre Sunnmøre IKT 2019
- RS 19/19 Dekningsstatistikk for barnevaksinasjonsprogrammet for 2017 og 2018
- RS 20/19 Markering av frigjørings- og veterandagen 8. mai 2019

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 5/19 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetninga av alkohol - Joker Nerlandsøy
- DS 6/19 Tildelinga av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning 2018
- DS 7/19 Godkjenning - søknad om å ta med skjenkebevilling til ope arrangement (enkelt, bestemt anledning) - Dansegalla Fiskarhallen
- DS 8/19 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning av alkohol - Spar Fosnavåg
- DS 9/19 Tildeling av prikk i samband med manglande oppfølging av vilkår sett i vedtak
- DS 10/19 Godkjenning av styrar for salsløyve - Coop Marked Moltu

PS 57/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 58/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 59/19 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 60/19 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 61/19 AVHENDING AV KOMMUNAL BUSTAD

PS 62/19 BORGARLEG VIGSEL - VIGSLAR.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

I tillegg til ordførar, varaordførar og rådmann vert den kommunale vigselretten gitt til kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy.

PS 63/19 SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR FV20, NERLANDSØY BRU

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Fv 20, Nerlandsøybrua med føresegner og plankart datert 12.04.2019

PS 64/19 GRAVPLASSANALYSE FOR BERGSØYA OG LEINØYA

Møtebehandling:

AP, Per Kristian Furø reiste habilitetsspørsmål då mor er grunneigar. Per Kristian er og styreleiar i Sameiget Flusund 27/3.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Per Kristian Furø vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl. § 6, 1. ledd bokstav b.

Kyrkjeverje Marit Leinebø orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 30.04.2019

Formannskapet vedtek å legge gravplassanalysen ut til offentlig ettersyn i fire veker. Den skal gjerast tilgjengeleg på nett og i servicetorget på rådhuset.

PS 65/19 SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSPLANARBEID, TJØRVÅG FRITIDSBUSTADAR GNR. 54/90.

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth orienterte.

H, Arnulf Goksøyr kom med slikt nytt framlegg:

Formannskapet gir løyve til oppstart av 54/90 i Tjørvåg under forutsetning av at området vert utvida til å gjelde heile «naustområdet» gnr./bnr. 54/1, 54/10, 54/15, 54/26, 54/29, 54/30, 54/35, 54/51, 54/53, 54/54, 54/55, 54/71, 54/71/1, 54/71/2, 54/71/3, 54/80, 54/84, 54/85, 54/86, 54/87, 54/88, 54/90.

Arnulf Goksøyr sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.04.2019

Formannskapet gir løyve til oppstart av 54/90 i Tjørvåg under forutsetning av at området vert utvida til å gjelde heile «naustområdet» gnr./bnr. 54/1, 54/10, 54/15, 54/26, 54/29, 54/30, 54/35, 54/51, 54/53, 54/54, 54/55, 54/71, 54/71/1, 54/71/2, 54/71/3, 54/80, 54/84, 54/85, 54/86, 54/87, 54/88, 54/90.

PS 66/19 KLAGE PÅ VEDTAK. DETALJREGULERINGSPLAN FOR NEDRE SØRLIA, PLANID 201801.

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

Kommunestyret i Herøy opprettheld vedtaket frå K-sak 22/19.

Følgjande klager på vedtaket vert ikkje tekne til følgje:

- 1) Klage frå Per Odd Paulsen datert 25.02.2019 – Tema: Konflikt med Flåværleia
- 2) Klage frå Miljøorganisasjonen Grønn Fremtid datert 29.03.2019 - Tema: Manglande støyanalyse

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd

PS 67/19 GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I HUSBANKEN - STARTLÅN 2019

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

1. Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 12 000 000,- til vidare utlån som startlån på dei vilkår som går fram av tildelingsbrev og låneavtale frå Husbanken.

PS 68/19 SØKNAD OM EKSTRA TILSKOT TIL DRIFT AV SENTER MOT INCEST OG SEKSUELLE OVERGREP MØRE OG ROMSDAL.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

Herøy kommunestyre gir etter ei samla vurdering ekstra støtte til SMISO MR for 2019. Søknaden om ekstra tilskot for 2019 på kr. 18.000,- vert imøtekommen..

Støtta vert finansiert slik:

Konto 14700 (overføring til andre), ansvar 1298 (Krisesenter/overgrepsmottak med meir), funksjon 242 (Råd, rettleiing og sosial førebygging) – opp kr 18.000

Konto 19400 (bruk av disp fond), ansvar 1298, funksjon 243 – opp kr 18.000.

PS 69/19 PROSJEKTET FELLES HELSEPLATTFORM

Møtebehandling:

Konsulent i pleie og omsorg Tommy Dahl orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.

2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

**PS 70/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 70046 -
TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK SENTRUM 2018 MED 50/50 STØNAD**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.04.2019

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på 54.111,- kr.
2. Det vert gjort slik budsjettending:

Til: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70046 - kr. 54.111,-

Frå: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70028 (trafikktrygging) - kr. 54.111,-

REFERATSAKER

RS 17/19 Kommune- og regionsreforma og miljøinformasjonslova. Kommune- og regionsreforma og miljøinformasjonslova. 24.12.2018 00:00:00

RS 18/19 Årsmelding og rekneskap for Søre Sunnmøre IKT 2019 Årsmelding og rekneskap for Søre Sunnmøre IKT 2019 20.03.2019 00:00:00

RS 19/19 Dekningsstatistikk for barnevaksinasjonsprogrammet for 2017 og 2018 Dekningsstatistikk for barnevaksinasjonsprogrammet for 2017 og 2018 08.04.2019 00:00:00

RS 20/19 Markering av frigjørings- og veterandagen 8. mai 2019 Markering av frigjørings- og veterandagen 8. mai 2019 08.04.2019 00:00:00

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 5/19 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetninga av alkohol - Joker Nerlandsøy 28.03.2019 00:00:00

DS 6/19 Tildelinga av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning 2018 29.03.2019 00:00:00

DS 7/19 Godkjenning - søknad om å ta med skjenkebevilling til ope arrangement (enkelt, bestemt anledning) - Dansegalla Fiskarhallen 29.03.2019 00:00:00

DS 8/19 Tildeling av prikkar ved manglande innrapportering av omsetning av alkohol - Spar Fosnavåg 28.03.2019 00:00:00

DS 9/19 Tildeling av prikk i samband med manglande oppfølging av vilkår sett i vedtak 07.03.2019 00:00:00

DS 10/19 Godkjenning av styrar for salsløyve - Coop Marked Moltu 25.03.2019 00:00:00